

# Trond Lauperak

fødd 1727 død 1804

## Gerhard Henrik Reiner

prest i Helleland, Bjerkreim og Heskestad  
fra 1790 til 1824

Følgende fortellinger om disse to stod i Fedraheimen 7/1-1882 og 14/1-1882

[Del 1 av 2]

I Tidsskriftet aat Vestmannalaget ”Fraa By og Bygd” let eg i 1877 prenta nokre ”Smaastykke fraa Dalarne.” Eit av desse, Glopp-Uri, vart teket med som ein liten Dusk paa 9 Blad i dei Lauvduskarne, det norske Samlaget sende Landet rundt i Haust. Og daa kanskje ein og annan kunde vera forviten etter meir fraa desse vestlandske Dalar, vonar eg, at ”Fedraheimen” heve Rom fyr litet vetta, og eg vil daa fyrst fortelja nokot um

Han Tron Lauperak.

Det var Mann det. Han var vida vend og alle Stader kjend, som dei segja. Han var fødd 1727 paa Lauperak, der Ætti hans hadde butt paa Lag 2 Hundrad Aar. Lauperak er ein god Gard, som ligg paa øystre Sida av Ørstdalsvatnet i Bjerkreims Sokn. Naa er Garden sundskifta i fleire Lutar; men fyrr var det berre eit einaste stort Bruk, og Lauperaksmederne stod seg jamnan godt og var hjelsame mot Folk. Godfar hans Tron elder den Tron’en, som den rette Tron’en heitte etter, foor ein Gong til Eikersund etter ei Tunna Bygg. Det var eit fælt Uaar, og Grjonet var framifraa dyrt. Paa Heimvegen flokka dei seg um han, den eine etter den andre, og bad han hjelpa deim med Korn, og daa han totte Synd um Folk, som var so i Naudi, hadde han inkje Hjarta til aa segja Nei, endaa han smaat kunde hava turvt det sjølv, men han let deim faa litetvettet kver, so han sjølv inkje hadde fullt ei Skjeppa, daa han kom heim.

Den namngjetne Tronen var au hjelpesam og greidfør og difyre avhelden <sup>1)</sup> av sine Grannar. Han var inkje meir enn middels høg, men tjukkvoren og breidvaksen, sterk og svirp. Han var djerv i Ord og snarraadd og so framifraa klok til aa kunna faa Tak yver Folk, at der stod Støkk av han, so inkje stort nokon vaagad aa gjera han imot, og sjølv kunde han gjera mest, kva han vilde. Kver Tid heve sine Menn. Tron Lauperak var likso stor Bondehøvding i fyrrre Hundradtalet som O. G. Ueland fraa Grannebygdi var det i dette. Det kann ein au skyna av alle dei Stykkji <sup>2)</sup>, dei enno fortelja um han, endaa det er vel trulegt, at mykjet av det beste er gløymt, og at dei røda helst um det, dei tykkja er grovaste.

Ein Gong var Tron paa Ivesdal hjaa Maagen sin. Denne fylgte han uppa Loftet og synte han al den Maten han hadde. Daa Tron hadde set yver alt, gav han Maagen sin eit godt Drag under øyrat og sagde: Det skal du hava, fyrdi du gjøymer paa so myket gamalt Korn og Mjøl i eit Aar som i Aar, daa mest alle heve forlitet.

Paa vestre Sida av Ørstdalsvatnet ligg ein Gard, som heiter Landstad. Det var holder smaatt med Mannen der, og daa han eit Aar misste ei Ku, var han inkje god fyr aa kaupa Ku etter. Tron tok daa ei Ku av Baasen og gav han. Eit Bit etter hadde Tron Bruk fyre eit stort Asketre. Han var hendug og

arbeidde mange Ting. Han spurde daa Landstadmammen, um han inkje kunde lata<sup>3)</sup> den store Aski, som stod paa Tunet utanfyr Glaset hans. Landstadmammen sytte med aa vera av med det Treet, men gav elles Tron Lov aa taka, kva Tre han vilde i Skogen. Tron totte, dette var smaalegt av ein Mann, som han hadde hjelpt so mange Ganger, og ei Nott tok han Drengjerne sine med seg, rodde yver Vatnet til Landstad og gav seg til aa fella ned det store Asketreet. Og best som han hogg paa Treet, gjekk han burt aat Huset og dundrad og smelte med Øksi paa Vegger og Døri, so den arme Stakkaren, som laag inni Sengi, var so rædd, han skalv. Han trudde Tron vilde riva ned Husi med det same. Tron fellte Treet og tok Stokken. Topp, Greiner og Kvistar stuva han uppetter Døri paa Landstad, so Folk mest inkje var god fyre aa koma ut Morgonen etter.

Ein Gong var der ei Legdekjerring, som var so lat, at ho inkje gat gaa. Dei laut fylgja henne med Øyk fraa Mann til Mann. Ho lest vera sjuk. Daa ho skulde flytja fraa Tron, sagde ho, at ein av Drengjerne laut køyra henne av Garde. Tron svarad, han skulde fylgja henne sjølv. Daa dei kom ut paa Vatnet, støvda<sup>4)</sup> Tron Øyken, flaug av Sleden, treiv Øksi og gav seg til aa hogga eit Hol i Isen. Kjerringi skunda paa han og gav vondt; han skulde køyra fort og inkje hefta seg burt, ho tolde inkje, ho var lenge ute i Kjølen<sup>5)</sup>. Tron hogg lika trutt og gjorde Holet stort og vidt og skarad berre lognt og aalvorsamt: Her skal eg kjøyra deg ned, so skal du snart sleppa frjosa. Kjeringi vart reint forskræmt; ho hoppad av Sleden og flaug avstad so lett som ei tjugeaars Gjenta. Tron kunde i Ro og Fred fara heim att; det var 'kje naudsømt<sup>6)</sup> aa kjøyra henne lenger.<sup>7)</sup>

So var det ein Gong ein Dreng, som hadde tent paa Lauperak, og daa han flykte derifraa, var der mange, som spurde etter, korleids han likad aa tena hjaa Tron. Aa jau, svarad han, der var vel nokk, berre eg hadde fenget meir Mat. Tron totte skitligt<sup>8)</sup>, daa han høyrd gjetet dette; der hadde ingen fenget forlitet Mat hjaa han. Daa Drengjen ein Gong kom farande etter til Lauperak, tok Tron venlegt imot han og bad han sitja, tildess dei fekk ferdug nokot Mat til han. Han sagde Kvinfofolki fyre aa koka Graut. So skulde dei ausa fullt eit Trog elder stort Trefat og setja paa Bordet og bera inn ei drjug Kolla med Mjølk; ellest skulde dei au setja fram Braud og Suvl, som ein pla gjera aat Framandfolk. Daa Drengjen hadde etet seg mett og vilde slutta, kom Tron med ein lang Kniv og lagde paa Bordet. Du skal skrapa or Grauten, sagde han, og taka til deg av det andre Slaget so myket, Du heve godt av. Det er tilferdt soleis, at du au skal faa nokk sovelsom andre her i Huset og inkje lenger turva segja, du fekk forlitet Mat i Lauperak. Løyver du nokot av Grauten, set eg denne Kniden i deg. Drengjen kom i Hug det, han hadde sagt, og vart rædd. Han aat og aat, som var han nøyd til aa eta seg ihæl, og daa han sistpaa ein Gong vart ferdug, sagde Tron: Seg naa'kje meir, du fekk for litet Mat i Lauperak, og ifall du vil koma herifraa med Livet, lyt du vera lett paa Foten. Drengen stakkar var so sprengd av al denne Grauten, at han knapt kunde gaa. Men han laut patla seg avstad likavel. Daa han skulde upp Lauperaksbrekka, skaut Tron etter han med laust Krut. Drengjen var rædd, det galdt Livet. Han pustad og stonde og skundad seg alt det, han orkad, og Tron totte, det var Moro aa sjaa, kor mett han gjekk.

Tron raakad sjeldan nokon, som vaagad prøva Styrke med han; men det Aaret han Torleiv Espeland tente hjaa han, var der Basketak i Lauperak. Dei var so jamne, at dei knapt sjølv visste, kven som var sterkeste, og daa dei baade vilde vera Basen, tok dei Tak baade jamt og samt, og det gjekk inkje altid med det gode. Ei Tid var dei rædde kverandre. Naar Tron hogg Ved, snudde han altid Ryggjen mot ein Vegg, fyrdi Torleiv inkje skulde koma uforvarande yver han, og naar Torleiv stod paa Laaven og treskte, vende han Andlitet mot Døri, so han skulde vera ferdug aa taka imot, um Tron skulde koma.

Tron var Politikkar og høyrd til dei ivrigste Oppositionsmenn fyr si Tid. Han likad inkje aa staa under Dansken og negtad aa betala Skatt. Pengarne gjekk ut av Landet og vart berre uppøydde til Unytta, meinte han. Lensmannen vaagad korkje aa krevja elder panta han, endaa det var hans eigen Maag, og ifall Skrivaren sende nokon annan i Veg, skræmde Tron deim mest av Vitet anten med

Byrsa elder med dei store lange Knivarne sine. Det varde eit halvt Tjug Aar, og dei fekk inkje Skilling av Tron. Men so raakad Skrivaren paa ein Løytnant, som hadde Vit i Hausen og Mot i Bringa. Han tok med seg eit Par modige Underoffiserar og foor til Lauperak. Tron gaadde deim inkje, fyrr dei longe <sup>9)</sup> var i Stova. Han tok daa vel imot deim, som han altid gjorde med Framandfolk. Mat og Drykk vart boret fram, dei sette seg til Bords og Tron bad deim gjera seg til Stunda og eta. Men so gjekk han ut etter 2 fælt lange Knivar, treiv ein Kvadstein <sup>10)</sup> og gav seg til aa kvetja. Han heldt til med dette paa den nedre Bordsenden, medan dei sat og aat upp med den øvre Enden av Langbordet. Men so stod Løytnanten upp, han treiv Sabelen sin og slo i Bordet, so det skangrad alt det, som paa det var, og sagde: "Havde jeg været bange for Tron Løberags Dolke, saa havde jeg ikke kommer her." – "Aahaa," sagde Tron daa, "er du slik Kar, skal me ikkje segja eit Ord." So gjekk han ut i Budi, læste upp Kista, tok Pengarne og greidde ut kver einaste Skilling.

I Tron si Tid laut Bønderne betala Toll, naar dei kom til Byen for aa selja Smør og andre Varor; men Tron fann altid ein Utveg, so han skulde sleppa det. Jamnaste fekk han smetta framum Tollbudi, so Tollmennene inkje gaadde, at han hadde nokot aa selja, og hende det, at ein Tollmann vart han var paa Lagaardsvegen i Stavanger, treiv han ein Neve med Surpa – blaut Jord – elder annat slikt og hivde beint i Augo paa han, svingad seg so paa Hesten og sette seg bakanfyr Smørkløvi, strauk paa Hesten og foor avstad i fullt Traav, og naar Tollmannen fekk Augo upp atter, var Tron ute av Syne. Daa so mange var galne paa dette Slags Tollkrav, kunde Tollmannen heller inkje venta seg mykjen Hjelp av Folk, og han var nokk inkje holder hugad paa aa raaka denne Mannen atter. Men so var det daa ein Gong, Tron var i Byen, at det vart beest <sup>11)</sup> fyre Tollmennene, at ein Mann var komen til Byen med myket Smør utan aa hava betalt Toll for det. Ein Tollmann vart daa send til Lossementa hans Tron. Han skjende og gav vondt. Tron letst vera lika holden <sup>12)</sup> og svarar berre turt: Eg heve faret til Byen so mange Ganger; men aldri heve eg voret van med aa betala Toll fyr mi eigi Nista. Er dette Nista di, sagde Tollmannen og peikar paa alt Smøret, so er eg forvitn aa sjaa, korleids du et. Der skal vera Raad med det, meinte Tron. Eg tarv holder myket Smør eg, sagde han; eg fær litet Korn paa Garden min, men myket Høy, so eg kann hava myket Krøtur, og eg avlar inkje litet av deim; eg er van med aa eta Smør, eg, og naa skal eg vera 3 Vikor i Byen. Tron fekk seg daa ein stor Stump med Surbraud. Han skar tjukkare Skivor av Smøret enn av Braudet og drak Øl ataat; han aat Smør som ei Ku, so Tollmannen var reint forskræmd og sagde: Skal denne Mannen vera solenge i Byen, som han segjer, kjem han nokk til aa turva Smøret sitt, og dermed strauk han. Tron log godt, fordi han fekk narra Tollmennene denne Gongen au; han selde Smøret og rettleidde seg og foor so fraa Byen so fort han kunde.

(Meir.)

<sup>1)</sup> = avhalden.

<sup>2)</sup> Stykkje, "Streg", "Historie."

<sup>3)</sup> lata: avhenda.

<sup>4)</sup> stoggad, stansad.

<sup>5)</sup> Kyld, Kulde.

<sup>6)</sup> naudsynt, "nødvendigt."

<sup>7)</sup> Denne Soga vert paa andre Stader fortald um Torstein Noradal, men nokot sterkar: Lægdemannen leett vera **lam**, men fekk Føter aa gaa paa, daa han saag Holet i Isen. (Bldst.)

<sup>8)</sup> var tykkjen, "fornærmet."

<sup>9)</sup> "allerede."

<sup>10)</sup> Brynestein.

<sup>11)</sup> "angivet", "sladret."

<sup>12)</sup> like sæl.

[Del 2 av 2. ]

(Slutten.)

Den eldste Sonen hans Tron heitte Torleiv. I Uppvoksten gjorde han Stykke, som viste, at han var Son aat Far sin. Daa han var liten og gjætte, var det eingong ein Saud, som mest kver einaste Dag lurde seg fraa Smalaflokkjen og lagde <sup>1)</sup> heim til Lambet sit. Det er enno Sed i Dalarne, at dei um Vaaren setja dei minste Lambi i Fjøset um Dagarne, naar Sauderne gjeng i Bumarki; for dei er rædde, Smaalambi kunde tulla seg burt. Desse arme Sauderne gjeng daa og skrika og bækta mest heile Dagen og lengta etter Lambi sine. Sume kann inkje venta til Kvelds, daa kver Saud fær sitt Lamb atter, men laupa heim midt paa Dagen. Soleids var det med denne Sauden hans Tron. Tron kom daa til aa segja: Hadde denne Sauden voret ihelslegen! Dette høyrdie Torleiv, og Dagen etter kom Sauden inkje heim. Den little Torleiven slo Sauden ihel, flaadde han og tok med seg Skindet heim um Kvelden. So galet som det er aa slagta ein Lamdsaud fraa Lambet um Vaaren, totte Tron likavel, det var godt gjort, og gav Son sin 5 Dalar fyr Umakjen.

Daa Torleiv vart vaksen og skriven til Søldater, sagde Tron, dei aldri skulde faa Son hans til aa tena Kongen. Men so fekk Kaptein ein Underoffiser og eit Par Søldaterar <sup>2)</sup> aa henta Torleiv. Desse passad paa og foor til Lauperak ein Dag, Tron inkje var heime. Torleiv fylgde med godviljut. Men daa Tron kom heim – han hadde voret paa Tinget-, strauk han etter. Han tok Beinleidi yver Fjellet og stod deim etter <sup>3)</sup> paa Møy i Lunde Sokn attmed Lundevatnet. Fyrst talad han vel med Kaptein og spurde, um han inkje kunde faa løysa Son sin fri fyr Søldaterenesten. Kaptein lo berre og gjorde Narr av Tron. Tron hadde eit Par store Mineboltar paa seg; dei treiv han og slo ifraa seg med. Alle flaug tilsides. Kaptein komederte daa sine Folk til aa taka Tron; han hadde eit heilt Kompani. Det var i ei Stova paa Lund. Søldaterarne ringad seg um han. Men han heldt ein Minebolt i kver Haand og svingad seg rundt og slo, so dei inkje fekk Tak i han. Kaptein komederte daa Søldaterarne til aa stikka med Bajenetterne. Dei so gjorde, men Tron slo deim vekk, sprang ut i ein Kove og smelte atter Døri. Døri vart snart upprivi, og Søldaterarne stakk den eine Bajenetten ut etter den andre; men Tron stod attmed Døri og slo dei av tekvert. <sup>4)</sup> Men so kom der so fullt av Bajenetter, at det var raadlaust aa halda seg der lenger, og Tron laut ryma ut gjennom Glaset. Han lagde til Sprangs det fortaste, han kunde. Kaptein komederte Søldaterarne til aa skjota han. Strakst Tron høyrdie det fyrste Skotet, kastad han seg i Marki. Torleiv saag det og sagde: "Naa fallt han Far." Men Tron fallt inkje; han var like god, men han vart tekjen tilfanga og ført fraa Lensmann til Lensmann. Men Tron hadde mange Vener paa si Sida. Dei gav Domararne Pengar, og Tron vart frifunnen. Det var avgjort soleids, at Kaptein hadde faret for fust fram. Med eit heilt Kompani burde han hava vunnet yver ein einaste Mann utan aa brukka Kvast. Men Torleiv Tronson laut tena Kongen.

So var det ein Gong, der var Manntalpaa Bjerkheim, at ein ung Løytnant, som hadde høyrt gjete Tron, gjekk og sveiv uti Garden og vilde egla seg inn paa han. Han stemnde beint paa han, slo paa Kaarden sin og vimsad og gjøyddie, at alle skulde or Vegen for han. Tron ymtad um, at der var Rom baade for den eine og den andre; lika vel gjekk han tilsides 2 Gonger; men daa Løytnanten kom atter 3dje Gongen, fatad Tron svint ein Skogul, reiv den av Sleden og lyfte den i Vedret, gjorde seg eit grovt Maal og sagde: Fer du 'kje aat som ein skikkeleg Umagje, skal eg misann læra deg til! Løytnanten tok Fæla til seg og flaug avstad, som galtdet Livet, og heile Flokken fekk seg ein god Laat.

Naa stend det aa fortelja, korleids Tron tuskast med Presten. Men fyrst fær me høyra, kva Mann han hadde aa dragast med.

I 1790 vart Gerhard Henrich Reiner Prest i Helland, Bjerkheim og Hesjestad, som den Tid var eit

Kald. Han hadde fyrr voret ”i det asiatiske Kompagnies Tjeneste”, som det stend i Kaldsboki; han hadde gjort lange Ferder og voret alt i Kina. Der var ’kje mange i den Tidi, som hadde voret der, og difyre heldt dei fyre det var Kar, som kunde meir enn mata seg, og sjølv trudde han seg og god til aa halda Styr paa Folk. Paa Bjerkrheim var der den Tidi myket Staak og Bål um Preikedadarne.

Bjerkrheim er ein stor Gard; fleire Mann bur der dikt attme kverandre, so det mest vert som ein liten Landsby. Um Preikesundagarne var alle Hus fulle av Folk, som aat og drakk av det, dei hadde tekjet med seg heimanfraa. Brennevin og Øl kunde dei au faa kaupa so myket, dei vilde. Sume vart sitjande inne og sumlad og sullad so lenge, at dei inkje kom til Kyrkja fyrr Presten mestvar ferdug paa Stolen, og sume kom inkje ein Gong so langt som til Kyrkjeporten. Reiner hadde høyrt gjjetet dette, og daa han var komen til Bjerkrheim og skulde halda si fyrste Preike i Bjerkrheimskyrkja, treiv han Staven sin og foor fraa Hus til Hus, slo og smelte, kor han kom, og dreiv Folk fram fyre seg til Kyrkja, liksom ein jagar ein Smalaflokk. Talen hans var kvass. Han brukte Likningar, som Folk kunde skyna; han var inkje vand um Ordi. ”Eders Sjæle fare til Helvede ligesom

Gjedemellerne <sup>5)</sup> trille Gjederumpen ned over de bratte Fjeld og falde i Afgrunden”, sagde han t. D. Mange totte, han var hosta streng; men ingen vaagad mukka imot. Alle laut samla seg i Kyrkja, naar Presten kom; men naar han var faren heimatter, gav mange seg etter paa Bjerkrheim og gjorde, som dei var vane med. Langleggjen paa Solbjørg, elder kva dei naa kallad denne Slaaskjempa, drakk seg full same Dagen, han hadde gjenget til Altars. Reiner fekk høyra det og tok han inn til seg og talad med han den fyrste Gongen, han kom etter, fyr aa faa han paa andre Tanker. Langleggjen vilde inkje staa det til; han gav berre vondt og meinte, han kunde gjera som han vilde fyr Presten. Reinert vart sint og gav han eit Drag med knytte Neven under Øyrat og sagde: ”Det skal du hava, fyrdi du fer aat som ein Fant og ein Stakkar”. Langleggjen skaut til Vitnes og sagde til ein Mann, som var tilstada: ”Kan du **minnast** det? Daa Reiner hørde det, gav han Langleggjen eit endaa hardare Drag under andre Øyrat og sagde: ”Kann du minnast det?” Langleggjen hengde ned Hovudet og gjekk ut. Mange unde han det, han fekk.

Reiner livde som Ungkar all sin Dag, og daa han inkje var øydslen, hadde han myket med Henderne. Pengarne sine nyttad han til aa hjelpe Sokneborni sine. Sume laante han Pengar, og sume gav han. Han gav au Folk gode Raader um, korleis dei skulda drive Gardarne sine. Etter ein Brand vilde han ein Gong plent faa Folk paa ein Gard til aa mura seg upp Hus av Stein, daa der var god Tid <sup>6)</sup> paa det Slaget, men litet Timber. Men endaa Bønderne trudde, det kunde vera gagnlegt, og Presten baud seg til aa betala Murararne, vart det ikkje nokot av; for Bønderne var rædde, dei kunde faa Unamn, daa ein Husmann, som budde i murde Hus, stødt vart kallad ”Ola i Muren.” I ei ”Innberetning til Selskapet fyr Norges Vel” før han Lovord fyr det, han gjorde fyr Næringsvegerne, um eg inkje misminnest, av ein Hr. Floor, som fekk Løn fyre aa fara rundt aa sjaa, korleis Folk hadde det, og læra deim upp. Reiner var so hjelpsam mot Fangar og andre Fatigfolk, at den toskutte Tru kom ut, at han var skyld Fantarne. <sup>7)</sup>

Reiner kavad allra mest med aa læra upp Ungdomen. Han let seg inkje nøgja med, at dei kunde ramsa upp nokot etter Forklaaringi. Dei skulde skyna det, dei lærde. Han sagde tidt: ”Pontoppidan havde ikke Aandens overordentlige Gave mer end jeg.” Han meinte, det han lærte Borni, var holder betre, end det Pontoppidan lærde deim. Det skulde festa seg i Minne ved raakande Likningar. Der var t. D. 12 Apostlar, liksom der er 12 Maanar i Aaret, 10 Budord, liksom der er 10 Fingrar paa baade Hender, 7 Bøner i Fadervaaret, liksom der er 7 Dagar i Vika og 3 Artiklar elder 3 Personar i Gud, liksom der er 3 Mann i Gravdal (ein Farragard). Kunde Borni inkje skyna det, han totte var endefram, elder minnast det, han med Klemna hadde sleget fast, gav han deim eit Drag under Øyrat, elder han reiv deim i Haaret, trappad i Golvet og skar Tennar. Byrjad so Borni aa graata, so gret han med og sagde: ”Gud i Himmelen veit, kva eg skal gjera med desse Borni!”

Naar Sinnet tok han hardt, bannad han tidt stygt, og naar dei so spurde han, kvifyre han bannad, han, som var Prest, svarad han, at den stygge Mannen inkje var for god aa slita paa. Eg heve talat

med gamle Folk, som inkje trudde det var Synd aa banna. Reiner hadde sagt det, og han maatte vita det betre enn nokon annan, meinte dei.

Mange heldt af Reiner, som han skulde voret ein Gud. Det var ikkje berre hans eigne Soknefolk, som sette han høgt. Bispar og Provstar gav han og Lovord. I ein Visitats svarad Ungdomen ein Gong framifraa godt og fortalte meir um Apostlarne, enn der stend i sjølve Testamentet. Bispen gjekk burt og spurde, korleis dei kunde hava Greida paa Ting, som inkje stod i Bibelen. ”Jau av Josefi Berettning,” svarad ein og byrjad aa fortelja myket, han hadde leset i Josefus, som han hadde laant av Presten. Bispen stod som fjetrad.” Hvilken skjøn Ungdom!” sagde han, og naa kom der ein heil Lovtale. Han hadde hørt Reiner umtalad som ei lysande Stjerna; men naa fekk han sjaa, at Ljoset var meir straalande, enn han hadde vonat aa finna nokon Stad. Reiner var no holder inkje nokon Kastekjapp. Paa hans Tid vaks der upp Folk i Gjeldet med Vit i Hausen og Bein i Nasarne. Ein av deim var Knut Sjøtvoll, Upphavsmannen til dei ”Sterktruande”, dei kallar, som me kanskje skal faa høyra nokot um ein annan Gong.

Men det var naa ikkje alle holder, som heldt af Reiner. Ei Slaaskjempe lagde seg ein Gong i Vegen fyr han og prylte han so syndlegt upp, at han etter den Dag sjeldan vaagad aa ferdast eismall.

Tron Lauperak totte Reiner var myket til Mann; hellest heldt han naa med deim, som mislikad, at Presten slo og reiv Borni, og det var mange dette. 1799 skulde Bispen P. Hansen halda Visitats. Sogodtsom alle Mann vart daa samde um aa klaga Reiner, fyrdi han foor so hardt fram med Borni. Tron vart av alle vald til aa bera fram Klagmalet; ingen annan vaagad gjera det. Tron var den Tidi 72 Aar og inkje lenger so spræk som fyrr; han hinkad og haltad og var litet god fyre aa koma nokon Stad; men dei naudbad han, so han laut ut. Det vart avtalt, at alle skulde reisa seg, naar Tron hadde talt Saki for Bispen, og samstava i det, han hadde sagt. Dagen kom – det var den 30te Juli -, og Folk samlad seg mannsterke til Kyrkja. Med Preiking og Spørjing klarad Reiner seg godt som vanleg. Daa Gudstenesten var tilende, byrjad Visitatsmøtet, som vart haldet i Kyrkja fyr heile Kyrkjealmugen. Bispen spurde bl. A., um nokon hadde nokot aa segja paa Presten. Tron, som hadde valt seg ein Plass i ein av dei fremste Stolarne, stod daa upp og sagde, at dei likad Presten vel i mange Maatar; men dei hadde det aa segja, at han var for hard med Borni, han reiv og slo deim so agaleg, at dei mest vart vitskræmde. Og naa skulde han i manges Namn beda, um Presten inkje kunde fara lindare fram. Tron nemnde fleire Stykke, Presten hadde gjort med Lesarborni, og daa han endad Talen sin, sagde han, dei skulde reisa seg dei, som heldt med han; Folk visste, det var sannt det, han hadde sagt, Reiner vart so sinnt at han knapt kunde staa. Han saag med harde Augo ut yver Mannamugen. Folk saag au paa Presten; der stod slik Age av han, at ingen vaagad aa reisa seg fyrst, og so vart det holder ingen, som reiste seg. Og daa Bispen spurde, om der var nokon, som heldt med den Mannen, som hadde talt, var der ikkje svarat eit Ord <sup>8)</sup> Bispen meinte daa, det inkje sætte nokot det, ein einaste Mann sagde, og han bad Folk takka Gud for, at dei hadde so dugleg Prest.

Daa Folk var komne or Kyrkja, og Bisp og Prest foor til Prestegarden, gav Tron ifraa seg. Han gjekk ikring i Mannaflokkjen og sagde, dei var nokre Stakkurar alle ihop. Sume spende han, og sume slo han, og sume støytte han med Staven sin. Ingen lagde imot; dei totte, han hadde Grunn til dette.

So gjekk Tron til Prestegarden; han vilde gjera seg tilvens med Presten etter og forklara, korleis det hadde seg. Daa han kom i Gangen, stod Stovodøri paa Glytt, og han høyrde, at Bispen og Presten talad um han. Presten gav paa Tron og sagde seg sjølv aa vera utan Skuld. Men so vart Presten var Tron, og dermed gaut han ut med slik Fart, at han inkje gaadde ein Tenar, som just med det same kom i Døri med eit stort Fat med Flaskur og Koppar og Ty, men foor beint paa han, so alt datt i Golvet, og Mat og Drykk flaut utsyver Gangen, og so rauk han paa Tron og kilte han ut igjenom Døri og byrjad lampa og slaa. Bispen kom etter og ropad Presten inn. Kva han sagde med han daa, er

inkje fortalt; men det vert sagt, at Reiner inkje var fullt so hardbalen etter den Dag. Reiner hadde Kallet, til dess han døydde i 1824. Daa Søldaterne foor framum Helland i 1814 og skulde møta Svenskjen, tok Reiner inn det eine Kompani etter det andre og gav dei Mat og Drikka og eggjad Søldaterne til aa bruka Byrsa og Bajenetten paa Svenskjen; men daa dei kom atten, og han hadde hørt, at me skulde under Svenskjen, gjekk han imot deim og skjende og gav vondt alt det, han orkad. Naa var dei ikkje værde nokon Ting, endaa Søldaterne skulda det paa Høvdingarne og meinte, dei nokk skulde tynt Svenskjen, naar dei berre hadde sluppet til.

Tron Lauperak døydde i 1804, og der vart ei stor Ætt etter han. Sume av Ættarmennerne hans heve voret elder er Garmenner i Dalarne enno, og sume er Kaupmenner anten i Stavanger elder i Eikersund. Son hans Torleiv, han, som laut tena Kongen, vart Lensmann, og etter han fekk Sonen hans Umbodet. Hjaa denne Lensmannen stend enno Staskista hans Tron paa ein Sal. Makjen til Kista skulde ingen hava set korkje i Storleik, Styrke elder Gjerd. Ho er av Eik og slegi med utkrotat Jarn, som bøygjer seg i Sveivar hit og dit baade uppe og nede og vert til store Rosor. Tron arbeidde 2 Vikor paa Jarnslaget, endaa han hadde ein Smed med seg. Den Kista kan staa Mann etter Mann.

1) ”sprang.”

2) Kristoffer Vittaland var ein av deim. Thore Njaa, Son hans, som døydde fyr 2-3 Aar sidan yver 80 Aar gl., heve fortalt meg denne Søldatersegni, som ellest vert ymest ført (forskjelligt berettet).

3) tok dei att, ”indhented dem.”

4) etterkvart.

5) Gjeitemyk.

6) Raad.

7) I ”Norske Bygdesagn” av Daae vert det løglegt nokk sagt, at han var i Ætt med Fantarne. Aa ja, me hava alle Noa til Ættafar. (”Fanta” er her = Taterfolk. Istadenfor ”Fant” i austlandsk Meining segjer dei her ofta ”Farre.”)

8) Det var ”norsk”, det.                    Bldst.

---

---

Frå Fedraheimen 07.01.1882

Frå Fedraheimen 14.01.1882